



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

Besøksadresse
Skinnarbu
3661 Rjukan

Postadresse
Postboks 2076
3103 Tønsberg

Kontakt
Sentralbord +47 33 37 10 00
Direkte +47 953 00 640
sfvtpost@statsforvalteren.no

Verneområdestyret for Brattefjell-
Vindeggen landskapsvernombord

Sakhandsamar Kristian Kvaalen Herregården

Vår ref. 2025/3310 -

Dato 24.03.2025

Protokoll 21.03.25

Sakene: 1/25 - 5/25
Møtestad: Teams
Dato: 21.03.25

Følgjande medlemmer deltok:

Audun Dølen
Edvard Mæland
Kathrine Kvåle Haatvedt
Ragnhild Sølberg

Følgjande varamedlemmer deltok:

Birger Hovden

Følgjande medlemmer/varamedlemmer hadde meldt fråfall:

Baiba Sheine

Følgjande fra administrasjonen deltok:

Kristian Kvaalen Herregården

Audun Dølen
Leiar

Godkjenning av møteprotokollen:



Sak 1/25 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Innkalling og dagsorden blei samrøystes godkjend.

Sak 2/25 Søknad om mellombels oppstilling av campingvogn ved Myklestulvatnet i Gausdalen i Hjartdal kommune – Roar M. Fjeld

Sakshandsams framlegg til vedtak:

Verneområdestyret gjev Roar M. Fjeld løyve til å ha campingvogna ståande i opplag på eiga eigedom ved enden av vegen ved Myklestulvatnet i Gausdalen fram til sauesankinga er ferdig og seinast 01.11.25. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48, og er grunngjeve med at aktiviteten ikkje er til skade for verneverdiar og verneføremål, vidare at det er av betydning for landbruksdrifta på eigedomen.

Det vart sett følgjande vilkår:

- Campingvogna skal være ute av verneområdet seinast 01.11.25.
- Sno og anna skal ikkje vere til hinder for fjerning. Eigar må i så fall brøyte vegen.
- Vogna må stå slik at den ikkje er til nemneverdig hinder for ålmenta og andre grunneigarar si tilgang. Eksisterande parkeringsplass skal nyttast dersom vogna blir eit hinder for ålmenta og andre grunneigarar si tilgang nede ved vatnet/båthuset. Det betyr også kva gjelder moglegheiter til å sette ut og ta opp båtar ol. i Myklestulvatnet.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagar rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.

Vedtaket vert sendt Roar M. Fjeld.

Handsaming i verneområdestyret:

Det blei ikkje fremma endringar.

Samrøystes vedtak i verneområdestyret:

Verneområdestyret gjev Roar M. Fjeld løyve til å ha campingvogna ståande i opplag på eiga eigedom ved enden av vegen ved Myklestulvatnet i Gausdalen fram til sauesankinga er ferdig og seinast 01.11.25. Løyvet er gjeve med heimel i NML § 48, og er grunngjeve med at aktiviteten ikkje er til skade for verneverdiar og verneføremål, vidare at det er av betydning for landbruksdrifta på eigedomen.

Det vart sett følgjande vilkår:

- Campingvogna skal være ute av verneområdet seinast 01.11.25.
- Sno og anna skal ikkje vere til hinder for fjerning. Eigar må i så fall brøyte vegen.
- Vogna må stå slik at den ikkje er til nemneverdig hinder for ålmenta og andre grunneigarar si tilgang. Eksisterande parkeringsplass skal nyttast dersom vogna blir eit hinder for ålmenta og andre grunneigarar si tilgang nede ved vatnet/båthuset. Det betyr også kva gjelder moglegheiter til å sette ut og ta opp båtar ol. i Myklestulvatnet.

Det kan klagast på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagefristen er tre veker etter at vedtaket er motteke. Klagar rettast til direktoratet, men sendast til Verneområdestyret for Brattefjell-Vindeggen landskapsvernombordet.



**Verneområdestyret for
Brattefjell-Vindeggen
landskapsvernombord**

Vedtaket vert sendt Roar M. Fjeld.

Sak 3/25 Referatsaker

Verneområdeforvaltar orienterte styret om delegerte saker sidan sist styremøte.

Sak 4/25 Eventuelt

Verneområdeforvaltar orienterte om tildelte midlar frå Miljødirektoratet for 2025.

Verneområdestyret har fått kr. 190.000,- i driftsmidlar og ein pott på kr. 350.000,- til tiltak i verneområdet (tiltaksmidlar, kap. 1420 post 31). Tiltaksmidlane vil nyttast til arbeid med informasjonstavler og tiltak knytt til skjøtsels- og kulturlandskapstiltak i verneområdet.

Verneområdestyret tek sikte på studietur og kompetanseheving i tidsrommet 12. – 15. august 2025. Framover vil det bli jobba med å lage eit godt fagleg og relevant opplegg samt konkretisere tidspunkt, økonomi m.m.

Verneområdeforvaltar orienterte kort om tal frå minimumstelling på villrein i februar. Det vart funne totalt 326 dyr. Ein ser at bestanden held seg nokså stabil, då det i 2023 og 2024 vart funne høvesvis 332 og 324 dyr. Teljinga vart gjennomført av Brattefjell-Vindeggen villrein- og utmarksutvalg.

Sak 5/25 Neste møte

Neste styremøte blir måndag 2. juni på Skinnarbu.

Med helsing

Kristian Kvaalen Herregården
seniorrådgiver